



Til faste verjer i Møre og Romsdal

Invitasjon til kurs for faste verjer

Fylkesmannen i Møre og Romsdal vil halde kurs for faste verjer som har fått tildelt oppdrag. Kurset vert halde på **Quality Hotel Alexandra i Molde den 26. mars 2014 kl 17.00-20.00.**

Fylkesmannen har ei opplæringsplikt for oppnemnde verjer. I opplæringsplikta ligg at fylkesmannen, i tillegg til å vere tilsynsorgan for verjene, har ansvaret for at verjene vert gjeve dei nødvendige «verktøy» for å utføre oppdraga på ein forsvarleg måte.

Tema på kurset vil mellom anna vere:

- Verjemålsreforma - erfaringane rundt oppstart
- Reglane rundt føring og innlevering av verjerekneskap
- Forvaltning av finansielle egedelar
- Godtgjering - skattemessige konsekvensar, v/Siv Karine Brødreskift frå Skatt Midt-Norge
- Open post

Fylkesmannen håpar at du kan ta deg tid til å delta på kurset. Kurset vil vare i omlag 3 timar med innlagte pausar. Servering av varm mat kl. 18.00.

Påmelding

Påmelding til kurset gjerast via våre nettsider, www.fylkesmannen.no (kurs og konferansekalender på Møre og Romsdal sine nettsider). **I påmeldinga er det eit kommentarfelt der forslag til tema ein ynskjer tatt opp på kurset kan først inn.**

Dersom du ikkje har tilgang til internett kan du ta kontakt med oss på telefon så skal vi hjelpe deg med påmelding.

Frist for påmelding er 1. mars 2014.

Med helsing

Tove Røberg, (e.f.)
Seksjonssjef

Cathrine Handrum
Rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.